



VINNAR: Veronika Halland (11) vann teiknekonkurransen i regi av Vestnorsk utvandringssenter. Her med diplom og teikninga innramma.

Best i ville Vesten

MANGER: Veronika Halland (11) gjekk heilt til topps i Vestnorsk utvandringssenter sin teiknekonkurransen. – Wow, var det første eg tenkte, seier ho.

IRENE BRATTENG JENSEN
irene.jensen@nordhordland.no

Det var ein einstemmig jury som kåra Veronika som vinnar i konkurransen. Ho vart både glad og overraska då representantar frå Vestnorsk Utvandringssenter kom på besøk i 6.klassen på Manger barneskule.

– Eg prøvde berre å laga noko cowboy-liknande, eg, seier vinnaren litt sjenert. Ho fekk ein flott diplom, eit gavekort på pizza og bøker til heile klassen i premie.

Gøy oppgåve

– Eg synest det var ei gøy oppgåve, seier Veronika, som skal henga opp diplomten på soverommet sitt.

Ho er ikkje heilt sikker på kvi for akkurat ho gjekk av med sigeren.

– Det var mange andre som hadde teikna mykje fint òg, seier ho.

Veronika synest det kjekkest med heile oppgåva var å sjå på kva alle dei andre hadde laga.

– Det er morosamt å sjå resultatet etterpå, synest teiknaren.

Det ville vesten

Det var nemleg kuler og krut, cowboyar og indianarar som stod på programmet då Vestnorsk utvandringssenter sette fokus på «Det ville vesten». I samband med biblioteka i distriktet vart det eit gjensyn med barndommens heltar frå bøker, teikneseriar og filmar.

Morgan Kane og Co

– Å «leika cowboy og indianar» har blitt eit omgrep, og litterære

karaktarar som Davy Crockett og Morgan Kane er godt kjende for fleire generasjonar, seier Åshild S.F. Thorsen frå Vestnorsk utvandringssenter.

Ho fortel at det er nokre typar som går igjen i sjangeren, som den einsame cowboyen og den noble og kloke innfødde.

– Vi ønskjer å sjå på den rolla som «Det ville vesten» har hatt i populærkulturen, seier ho.

“Daud eller levande”

Det var difor utvandringssenteret inviterte alle skulane i Nordhordland til teiknekonkurransen, der overskrifta skulle vera «Wanted. Daud eller levande».

– Det kom inn 193 teikningar, og alle var utruleg flotte, fortel Ida Heierland frå utvandringssenteret, som er imponert over responsen.

– Vi fekk teikningar av alt frå romvesen, cowboyar og tv-figurar til Breivik, fortel dei to, som synest det er interessant å sjå kva barn knyttar til «skurke-begrepet» i dag.

Marsbuar og banditt i skjort

Barneskule-elevane har lagt seg i selen for å teikna den skumlaste skurken, med høg dusør for den som fangar han. Det manglar ikkje på fantasi og kreativitet.

– Teikninga viser at zumbiar, marsbuarar og robotar har overtatt for skurkar og bandittar frå ville vesten. Det er tydeleg at kva som er skummelt har endra seg dei siste tiåra, seier Men vi har også fått ein del meir tradisjonelle teikningar, som cowboy på hest. Det er også festleg med teikningar av kvinnelege bandittar i skjort med pistol i hendene. Ingen ting tvil om at tidene har endra seg seg, seier Åshild S.F. Thorsen frå Vestnorsk utvandringssenter.

Til våren vert alle bidraga hengt opp i utvandringssenteret på Sletta. I mellomtida kan ein sjå alle teikningane på nettgalleriet (villevesten.wordpress.com/)

Oversjøisk søster-

LINDÅS: To Lindås-søstre som spinn nettverk over Atlanteren.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

Dei har knytta band mellom strilelandet og det norske Amerika. Søstrene Aina Holsen Fjellanger og Lise Viken har etablert seg på kvar si side av Atlanteren, men har eit utstrekt samarbeid. Begge satsar mellom anna på strikkeproduksjon, og har fått fotfeste innanfor den norsk og nordiske kontingenten i Amerika.

Saman i strikk og tradisjon

For Lise handlar det om ein skandinavisk gavebutikk, der ho også sel eigne strikkevarer og norske matprodukt.

Aina driv butikken Molly Me i Lindås senter, og har levert norske bunader til søstra sin butikk. Begge ønskjer å utvida satsinga si i USA, med base i det skandinaviske Amerika. Lise har også fått innpass for sine strikkeprodukt i fleire kjeder.

Støttar kvarandre

– Vi støttar kvarandre, og utfyller kvarandre. Det følgjer mange utfordringar og problemstillingar med å driva for seg sjølv. Då er det godt å ha nokon som snakkar same språk og forstår kva det går i.

Draum i oppfylling

Aina og Lise har reist i mange år til den norske haustfesten i Minot. Lise gjekk med ein draum om å etablere butikk der, og etter å ha reist med Strilaringen til Fergus Falls, Nordhordland sin søsterby, begynte ting å skje.

Der vart Lise kjend med ho som eig butikken som Lindås-kvinnen etter kvart kjøpte for snart to år sidan.

Stor interesse for bunad

På haustfesten i Minot i haust viste Aina sin første bunadskolleksjon.

– Interesse var stor. Her ligg det utan tvil ein spennande marknad, seier Molly Me personleg. Under haustfesten – og i butikken til søstra, gjekk det også unna på busserullar frå Aina sine hender.

På Lindås sel ho sine eigne strikka ting i butikken. Ho reiser også eit par turar for året til USA, og håpar det utviklar seg til meir etter kvart.

På eit Vestlandsstemne i Fergus Falls til sommaren er begge søstrene på plass.

– Dit kjem det mykje folk med norske aner. Dei er opptatt av rotene sine, og mange synest det er kjempestas og få seg norsk bunad, seier Aina.

Heime sju gonger

Lise Viken reiser heim sju gonger for året.

– Det er godt å koma heim, sjølv om det regnar vel mykje, i alle fall samanlikna med tørre Minnesota, smiler ho.

Lise fortel at folk med norske

Sjølv tre-fire generasjons nordmenn er stolte av opphavet sitt. Dei er meir tradisjonsbundne enn vi som bur i Norge.



SATSAR I AMERIKA: Søstrene Aina Holsen Fjellanger (t.h.) og Lise Viken frå Lindås har etablert butikken Molly Me i Amerika opptatt av at det skal vera ekte saker, seier Lise. Aina har funne ein marknad for norske bunader.



I BUNAD PÅ HAUSTFEST: Aina Holsen Fjellanger og Lise Viken på Molly Me-standen på den norske haustfesten i Minot. Aina fortel at norske bunader og busserull slår godt an i det norske Amerika.



OGSÅ KURS: På quiltturen til USA fekk dei norske deltakarane også vera med på kurs, i tillegg til å vera med på festivalar og besøka store quiltbutikker. Randi Skintveit (fremst) og Astrid Eng sit klar med lånte symaskiner i Rochester. – Alt var lagt veldig godt til rette for oss, seier dei.

røter er meir tradisjonsbundne enn vi som bur i Norge. Sjølv tre-fire generasjons nordmenn er stolte av opphavet sitt.

– Dei elsker lutefisk, og er

sjokka over at eg ikkje et denne tradisjonsmaten. Må innromma at kombinasjonen med lutfisk, kjøtekake og potetstapp blir i sterkaste laget for meg.